



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Annika Tvedt Villanger	FE-441, FA-F00	21/451

Saksnr	Utval	Type	Dato
085/21	Formannskapet	PS	20.10.2021
069/21	Kommunestyret	PS	28.10.2021

Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031

Vedlegg:

Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i NH 2021 - 2031

Saksutgreiing:

Vurdering

Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg har gjennom revisjonsarbeidet komme fram til at den reviderte planen bør ha eit meir overordna, strategisk perspektiv, slik at den vert meir føreseieleg over eit lengre periode, og at tilhøyrarane handlingsplan vert fylt tettare opp. Med bakgrunn i det strategiske og meir langsiktige perspektivet vert styrka har kommunalsjefgruppa tilrådd at planen endra namn til;

Felles strategiplan for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031

7.mai 2021 fekk Rådmannsutvalet i Region Nordhordland førelagt planen til handsaming.

Utvalet fatta slikt vedtaket i saka:

Rådmannsutvalet i Region Nordhordland sluttar seg til «Felles strategiplan for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031» slik den ligg føre, og ber om at planen vert lagt fram til handsaming i Regionrådet.

14.juni 2021 fekk Regionrådet for Nordhordland førelagt planen til handsaming.

Regionrådet fatta slikt vedtak i saka:

Regionrådet vedtar å endra namn på planen frå «Felles strategiplan for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031» til «Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031», og ber om at planen vert lagt fram til politisk handsaming i kommunane.

Forslag til vedtak:

- Fedje kommune sluttar seg til innhald og føringar i «Felles satsingar for helse- og



Fedje kommune

omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar.

- Fedje kommune sluttar seg til at kommunalsjefsgruppa for helse og omsorg i Nordhordland får i oppdrag koordinera og organisera oppføring av prioriterte område i planen.
- Fedje kommune sluttar seg til at det vert utarbeid handlingsplanar for konkretisering av tiltak knytt til dei prioriterte områda, og at Rådmannsutvalet får mandat til å godkjenne tiltak i handlingsplan
- Fedje kommune legg til grunn at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen, og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein har slutta seg til planen.

Formannskapet - 085/21

F - behandling:

F - vedtak:

Fedje kommune sluttar seg til innhald og føringar i «Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar.

Fedje kommune sluttar seg til at kommunalsjefsgruppa for helse og omsorg i Nordhordland får i oppdrag koordinera og organisera oppføring av prioriterte område i planen.

Fedje kommune sluttar seg til at det vert utarbeid handlingsplanar for konkretisering av tiltak knytt til dei prioriterte områda, og at Rådmannsutvalet får mandat til å godkjenne tiltak i handlingsplan.

Fedje kommune legg til grunn at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen, og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein har slutta seg til planen.

Samrøystes vedteke.